

# Søknad om å verta årets nynorskkommune 2014

Radøy kommune søker med dette om å verta årets nynorskkommune 2014. Kommunen arbeider kontinuerleg for å styrkja kvaliteten i språket og me er aktive brukarar av nynorsk i tenestene våre. Nynorsk skriftspråk og striledialekten handlar om kulturarven og folkesjela vår, og er med på å gje oss identitet som kommune. Me fokuserer difor på å bruka eit godt nynorsk språk i opplæring og undervisning, informasjonsarbeid og omdømebygging. Me er stolte av å vera nynorskkommune!

Radøy er ein kommune i Nordhordland med vel 5000 innbyggjarar. Nordhordland er eit område der nynorsken har stått svært sterkt og er i kjerneområdet for nynorsk. Dei siste åra ser me likefullt ein tendens til at nynorsk er på vikande front, og at bergensk talemål breier om seg og trengjer vekk striledialekten.

**I det følgjande vil me visa kva for tiltak som er sett i verk og planlagd innanfor dei ulike områda.**

## • Målbruksplan - aktiv bruk av nynorsk i kommunale planar

Det er ein lang nynorsktradisjon i Radøy, og i bygdene våre har me lenge hatt gode talspersonar for nynorsk. Radøy kommune fatta vedtak om nynorsk som administrasjonsspråk i 1967. Alle kommunale planar i Radøy kommune er skrivne på nynorsk.

I samsvar med den vedtekne kulturplanen (2011-2020) har kommunen også vedteke ein eigen målbruksplan, godkjend i kommunestyret i september 2012. Planen inneheld språkpolitiske mål, og legg føringar for korleis språket skal vera i administrasjon og tenestetilbod, i informasjon, opplæring og profilering. Målbruksplanen kjem også med tilrådingar om korleis ein kan skriva nynorsk på ein slik måte at ein kjem nærast mogleg Radøy-dialekten, men likevel er innanfor nynorsk rettskriving.

## • Aktiv bruk av nynorsk i omdøme- og informasjonsarbeid

Radøy kommune nyttar nynorsk i alt omdøme- og informasjonsarbeid. Kommunen legg stor vekt på godt informasjonsarbeid, mellom anna med aktiv bruk av heimesider på nett og Facebook.

Kommunen sender med visse mellomrom ut flygeblad til alle innbyggjarane og har faste heilsides annonsar i lokalavisene. For å sikra eit godt, og mest mogleg korrekt, nynorsk språk, gjer me eit grundig arbeid med korrekturlesing og kvalitetssikrar språket i alle kommunale trykksaker.

I år har me mellom anna laga ei informasjonsbrosjyre som profilerer Radøy – sjølv sagt på nynorsk.

## • God målbruk mellom tilsette

Alle tilsette vert gjort kjent med at nynorsk er administrasjonsspråk i Radøy kommune allereie i utlysingsteksten. Likevel ser me at mange har utfordringar med å skriva nynorsk. Dette heng saman med at Radøy rekrutterer mange tilsette som har bokmål som hovudmål.

Ei viktig målsetjing med målbruksplanen er å gjera dei tilsette meir medvitne om språket og å heva nynorskkompetansen i organisasjonen. Kommunen har gjennomført nynorskkurset "På sakslista" for kommunale sakshandsamarar, og dette er eit tilbod me vil gje fleire av dei tilsette, anten med innleigde kurshaldarar eller ved hjelp av eigne ressursar.

I 2014 har kommunen følgd opp målbruksplanen med å utnemna ein person som skal vera rådgjevar for andre tilsette i språkspørsmål. Alle einingar og avdelingar i kommunen har fått brosjyra "Ny nynorsk rettskriving frå 2012".

## • **Marknadsføring av nynorsk i kulturarbeid og kulturarrangement**

Radøy kommune nyttar sjølv sagt også nynorsk i marknadsføring av kulturarbeid og kulturarrangement. I tillegg til dei arrangementa kommunen sjølv er ansvarleg for, hjelper me lag og organisasjonar med marknadsføring av deira tilskipingar. All slik marknadsføring vert gjort på nynorsk. Kommunen tar òg på seg å omsetja tekst frå bokmål til nynorsk.

Radøy bibliotek har hatt nynorsk litteratur som satsingsområde i fleire år. Dei har mellom anna delteke i prosjektet "Nye tider - Nynorsk", som er eit samarbeidsprosjekt mellom nordhordlandskommunane og Landssamanslutninga av nynorskkommunar for å fremja lesing av nynorsk litteratur. (For meir informasjon om prosjektet, sjå <http://lnk.no/om-lnk/prosjekt/nye-tider-nynorsk>.) I samband med dette har dei kjøpt inn mykje nynorsk litteratur, slik at det vert kjend og lett tilgjengeleg for biblioteket sine gjestar.

Kommunen har eit godt samarbeid med Radøy mållag og er glade for at mållaget har tilskipingar som løftar fram nynorsken både i Kulturdagane i Radøy, i Kystsogeveke og elles i året. Forfattartreff og kunnskapstevlingar under kulturdagane og i kystsogeveke, og bokkaféar på biblioteket, er døme på andre relevante tilskipingar.

Radøy kommune held også på med bygdeboka "Radøy gjennom tidene", som skal koma ut i fem bind. Dei fire første binda er ferdige, det femte bindet kjem ut i november 2014. Bøkene er sjølv sagt skrivne på nynorsk.

Radøy kommune skal i 2014 gje ut ei jubileumsbok i samband med markeringa av at det er 50 år sidan kommunen vart skipa. Det vert også ei manifestering av det nynorske skriftspråket i bygdene våre.

Den kommunale Radøy kultur- og musikkskule arrangerte i år ein stor jubileumskonsert i samband med at kommunen er 50 år og kultur- og musikkskulen 35 år. På konserten vart det i hovudsak brukt lyrikk og musikk skriva av personar med tilknytning til Radøy, sydd saman til eit program som formidla den nynorske kulturarven på ein svært god måte.

## • **Tidleg nynorskinnsats i barnehagar og skular**

Tidleg nynorskinnsats i barnehagar og skular er eit av dei viktigaste satsingsområda i målbruksplanen. Radøy kommune har som nemnd eit godt samarbeid med Radøy mållag, og mållaget har raust gjeve alle barnehagane nynorske barnebøker. På denne måten har mållaget gjort det lettare for dei tilsette i barnehagane å velja nynorske bøker når dei les til borna. Erfaringar viser at born spør etter dei same bøkene heime.

Dei tilsette i barnehagane har også delteke på ein nynorskveld, der formidling av nynorsk litteratur stod på programmet. Radøy mållag var arrangør, men kommunen gav dei tilsette høve til å avspasera på dagtid. Dei fleste tilsette takka ja til tilbodet, og gav svært positive tilbakemeldingar.

Kommunen formidlar midlar frå den kulturelle skulesekken til tilskipingar innanfor mange kunst- og kulturområde. Gjennom den kulturelle skulesekken får alle born vera med på eit litteraturprosjekt i løpet av småskulen, eitt på mellomtrinnet og eitt i ungdomsskulen. Her får elevane besøk av nynorskforfattarar eller får skjønnerlitterære skrivekurs i nynorsk. På 9. klassetrinn har t.d. elevane gjennomført skrivekurs med nynorsk forfattar Hildegunn Dale. Barnebokforfattaren Bente Bratlund har vore på forfattarbesøk i 4.- og 5.klasse ved dei fire barneskulane i kommunen.

I haust var Radøy bibliotek medarrangør saman med Radøy Mållag på konserten med Sigrid Moldestad m/band på Samfunnshuset Skogen på Sletta. Der framførte ho m.a tekstar av diktaren Jan Magnus Bruheim, og biblioteket laga ein artikkel om Moldestad/Bruheim som ligg på heimesidene til Nordhordlandsbiblioteka.

Radøy bibliotek har, saman med dei andre biblioteka i regionen, endra språket i heimeside-systemet Mikromarc 3 frå bokmål til nynorsk.

Radøy kommune har tilsett ein ungdomskoordinator som jobbar tett med ungdomane i kommunen. Ungdomskoordinatoren legg til rette fritidsaktivitetar for all ungdom, er sekretær for ungdomsrådet, drifrar nettsider som [www.ungiradoy.com](http://www.ungiradoy.com) og Facebook-sida [www.facebook.com/RadoyUngdomsråd](http://www.facebook.com/RadoyUngdomsråd). Radøy kommune har lagt vekt på at også ungdomskoordinatoren skal bruka nynorsk i all marknadsføring og informasjon mot dei unge, og me har fått tilbakemeldingar på at dette har gjeve fleire ungdomar eit meir positivt syn på nynorsk.

Radøy-skulane deltek også med stort engasjement i "Avis i skulen"-prosjekt. Gjennom desse prosjekta vert elevane godt kjende med lokalavisene, som har nynorsk som redaksjonelt språk.

## • Frivillig sektor og næringsliv

Bruken av nynorsk i frivillig sektor og næringsliv er ofte ein indikator på reelt eigarskap til nynorsken. I frivillig sektor i Radøy er det aller meste skrive på nynorsk. Mange i det lokale næringslivet er også medvitne på målbruk, sjølv om me også opplever at marknadsføringa særleg frå dei store kjedene stort sett skjer på bokmål.

I målbruksplanen er det tatt inn eit eige punkt om at kommunen skal arbeida for å få til eit samarbeid med næringsdrivande om å driva god språkrøkt i lysingar, skilting og anna marknadsføring. Dette kjem i tillegg til at Radøy mållag har sendt ut tilbod til alle verksemder i kommunen om korrekturlesing av nynorskmateriale.

## Oppsummert

Me håpar at denne søknaden har vist at Radøy kommune er ein kommune som arbeider aktivt og målretta for å fremja nynorsk i kommunen, og vonar at de vil vurdera oss som ein god kandidat til Årets nynorskkommune.